



Helgesen Tekniske Bygg AS  
Valestrand  
5281 VALESTRANDSFOSEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/2118 - 17/13927

Saksbehandlar:  
Stian Marøy  
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:  
09.11.2017

## Byggesak Gbnr 82/88 Storheim - Ombygging og vesentleg reparasjon - mellombels svar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 01.11.2017.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Helgesen tekniske bygg as har orgnr. 965 012 044 (brønnøysundregistrene). I erklæring om ansvarsrett og i søknad er det brukt orgnr. 965 044 012.
2. Det er ikkje lagt inn tiltaksklasse for UTF brannalarmanlegg, nød og ledelys i erklæring om ansvarsrett.
3. Tiltaksklasse i erklæring om ansvarsrett og i gjennomføringsplan samsvarar ikkje for PRO/UTF riving og miljøsanering.
4. Ved branntekniske løysingar i tiltaksklasse 3 og branncelleinndeling i bygget stilles det spørsmål ved val av SØK, PRO bygningsfysikk, konstruksjonssikkerhet og UTF tømrararbeid, montering i tiltaksklasse 1. Merk at jf. SAK10 § 14-2 er det for oppgåver i tiltaksklasse 2 og 3 krav til uavhengig kontroll for bygningsfysikk, konstruksjonssikkerhet, geoteknikk og brannsikkerhet.
5. Jf. Plan- og bygningsloven § 21-4 b skal eigedomar som skal nyttas under eitt bli føyd saman etter matrikkellova.
6. Opphavleg bygg vart søkt kommunen med ein avstand frå bygg på eigedom gbnr 82/87 til nabogrense gbnr 82/73 på 5.3 meter. Ein grov måling i Nordhordlandskart viser ein avstand på 3.4 meter. Det må sendast inn eit målsatt situasjonskart med størrelse på bygget og avstandar til nabogrenser påført. Ved avstand til nabogrense mindre enn 4 meter må det føreleggja nabofråsegn (sjå vedlegg).

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.12.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Ingeniør/byggjesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Stian Marøy  
ingeniør/byggjesakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Nabofråsegn

### **Kopi til:**

Mundal Subsea Eiendom AS	Storsandvik	5938	SÆBØVÅGEN
--------------------------	-------------	------	-----------

### **Mottakarar:**

Helgesen Tekniske Bygg AS	Valestrand	5281	VALESTRANDSFOSEN
---------------------------	------------	------	------------------